



07 NOV 2005

05/1594-87

Ark 650.0

Avd. RD / KJ / DV

SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Formannskapet**Sak nr 61/05****Saksbehandler:** Brit Karlsen Ree**Arkiv:** 024**Arkivsak:** 04/00067-018**Møtedato:** 31.10.2005

NOU 2005:6- SAMSPEL OG TILLIT – OM STATEN OG LOKALDEMOKRATIET - HØYRING

NOU 2005:6 er oversendt til høyring. Dette er den første utgreiing som er utarbeidd av lokaldemokratikommisjonen. Den andre delutgreiinga skal bli ferdig våren 2006.

Utgreiinga NOU 2005 handlar om forholdet mellom staten og kommunane (kommuneomgrepet dekker både kommunar og fylkeskommunar, viss anna ikkje er spesifisert).

Sentrale tema i utgreiinga er m a

- det kommunale sjølvstyret
- kommunen sitt handlingsrom og statlege rammevilkår
- statleg styring i forhold til kommunane
- grunnlovfesta – kommunalt sjølvstyre
- friare kommunal beskatningsrett

Problemstillingar, samandrag, mandat og samansetning følgjer i vedlagde kapittel 1 i utgreiinga.

Lokaldemokratikommisjonen meiner det må vera ein fornuftig balanse mellom lokalt sjølvstyre og statleg styring. Kommisjonen legg vekt på det klassiske verdigrunnalet for lokalt sjølvstyre: demokrati, fridom og effektivitet. Ved at kommunane har fridom i politikktutforminga blir det meningsfullt å delta i lokalpolitikken. Samtidig innser kommisjonen at det er behov for statleg styring.

Utan eit godt samspel vil stat-kommunetilhøvet vera prega av usemje, låg tillit og fråskrivning av ansvar. Gode ordningar og arena for samspel mellom forvaltningsnivåa vil etter kommisjonen si oppfatning vera grunnleggjande for å motverka ei slik ordning.

Kommisjonen ønskjer at den statlege styringa av kommunane i større grad blir basert på dialog og partnerskap, enn av hierarkiske styringsverkemidlar.

Arbeidet med å forenkla statleg regelverk overfor kommunane bør vidareførast, og kommisjonen meiner at dei lovpålagde oppgåvene som blir lagt til kommunane må vera fullfinansiert.

For kommisjonen har det vore ei sentral oppgåve å gje ei vurdering av det kommunale handlingsrommet. Utan eit lokalpolitisk handlingsrom, vil det vera uinteressant å delta i lokalpolitikken. Kommisjonen meiner at ubalansen i kommuncøkonomien må rettast opp.

For kommisjonen har det vore ei sentral oppgåve å gje ei vurdering av det kommunale handlingsrommet. Utan eit lokalpolitisk handlingsrom, vil det vera uinteressant å delta i lokalpolitikken. Kommisjonen meiner at ubalansen i kommuneøkonomien må rettast opp.

Det blir også peika på at både stat og kommunar har ei viktig rolle som samfunnsutviklarar. For å utvikla kommunane som samfunnsutviklarar, meiner kommisjonen at planverket må bli differensiert og meir tilpassa lokale forhold, og at ordninga med statleg bidrag til kommunale næringsfond blir innført igjen.

Kommisjonen har også synspunkt på fylkesmannen si rolle, jfr side 13 i samandraget.

I utgreiinga blir det peika på at det bør vera eit minstekrav at prinsippet om kommunalt sjølvstyre blir grunnlovsfesta.

Kommisjonen foreslår også at kommunane sitt handlingsrom blir styrka ved at maksimalreguleringa for den kommunale inntektsskatten blir fjerna.

Etter rådmannen si vurdering tek denne utgreiinga opp sentrale problemstillingar i forholdet mellom staten og kommunane når det gjeld samspel og tillit. Det overordna målet i lokaldemokratikommisjonen sitt arbeid er auka deltaking og engasjement i lokalpolitikken. Dei verkemidlane som lokaldemokratikommisjonen foreslår vil vera eit steg i rett retning.

Vedlegg:

Høyringsskriv

NOU – 2005:6 – Samspill og tillit- Om staten og lokaldemokratiet – kapittel 1.

Innstilling:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klepp kommune sluttar seg til hovudkonklusjonane i NOU 2005:6.


Dei verkemidlane som lokaldemokratikommisjonen foreslår vil vera eit steg i rett retning for å betra tillit og samspel mellom staten og kommunesektoren, og auka kommunane sitt handlingsrom og lokaldemokrati.


Formannskapet den 31.10.2005 sak 0061/05

Samrøystes VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg vart godkjent.

Klepp kommune, 02.11.2005


Elfin Lea
ordfører


Wigdis B. Detlie
sekr.

Kopi til: Kommunal- og regionaldepartementet, Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo